

Førebels tal for 2008 viser at vel 7 000 tonn er fiska, om lag som dei fem føregående åra. Dette trass i at det har vore to færre månader med direkte kystfiske dei to siste åra. Rapportar frå fiskarar tyder på at fredinga har ført til lettare tilgjenge av vanleg uer, noko også ei viss betring av fangstratane hos trålarane viser. Noreg har dei siste tiåra tatt 80–90 % av totalfangsten av nordaustarktisk vanleg uer. Bortsett frå Russland, fiskar alle andre land årleg mindre enn 100 tonn (figur 1.5.4.2).

Golden Redfish (*Sebastes marinus*)

Low abundance of pre-recruit fish in recent years' surveys, a decreased survey abundance of fishable biomass and reduced commercial catch rates are all signs of a major stock decline. The stock is expected to decrease further in the next years, even without fishing, given the poor recruitment history. It is of vital importance that the juvenile age classes be given the strongest protection from being caught

Trål og garn er dei viktigaste reiskapane. Berre fiske med konvensjonelle reiskapar (garn, line, jukse og snurrevad) vil vere tillate i 2009. Fisket er ope i sju månader, bortsett frå for juksafartøy som kan fiske heile året. Så lenge det ikkje er sett sikre teikn til betring i yngel- og ungfiskførekomstane, er dagens fiskeri med gjeldande reguleringar ikkje berekraftig.

as by-catch in any fishery. Thus recruiting year classes can contribute as much as possible to slowing down the stock decline. Current regulation measures are insufficient to rebuild the stock. More stringent protective measures should be implemented, such as an extension of the limited moratorium and a further improvement of the trawl by-catch regulations.

Vanleg uer *Sebastes marinus*



Familie:

Scorpaenidae

Maks storleik:

1 meter og meir
enn 15 kg

Levetid: Over 60 år

Leveområde:

100–500 meters djup i Nordsjøen–Barentshavet, også i norske fjordar

Hovudgyteområde:

Vesterålen, Haltenbanken, Storegga

Gytetidspunkt: April–mai

Føde: Plankton viktigast dei første leveåra.

Deretter større plankton og fisk

Særtrekk: Ueren ynglar, dvs. han "gyt" levande larvar

Nøkkeltal:

KVOTERÅD 2009:

Ingen direkte kvoteråd, men strengare vernetiltak må innførast.

FANGST 2008:

Norsk fangst: om lag 6 300 tonn. Samla internasjonal fangst: om lag 7 300 tonn.

NORSK FANGSTVERDI (2007):

For begge uerartane samla, ca. 100 mill. kroner.

Fakta om bestanden

Vanleg uer føder levande 4–6 mm yngel i april–mai. Paringa føregår om hausten, og i yngleområdet om våren kan det difor vere reine hofiskkonsentrasjonar. Som toåring er vanleg uer 10–12 cm, og frå no av veks han om lag 2 cm per år til han blir kjønnsmoden.

Som 11–12-åring og 30–35 cm, er halvparten av vanleg uer kjønnsmoden. Vanleg uer lever på 100–500 meters djup på kontinentalsokkelen, langs kysten og visse stader inne i fjordane. Han er utbreidd nord til nordvest for Spitsbergen, men finst sjeldan i fiskbare mengder nord for Tromsøflaket/Bjørnøya. Yngleområdet

strekker seg langs eggakanten og kontinentalsokkelen frå Shetland og nordover til Andøya, med Storegga, Haltenbanken og Vesterålen som dei viktigaste områda.

Vanleg uer lever utelukkande av dyreplankton i dei første leveåra. Deretter går han over til krill, lodde, sild og torskefisk. Som byttedyr er småueren viktig føde for torskefisk og kveite. Det er ikkje påvist endringar i gytealder, produksjon eller utbreiing som følgje av endringar i klima. Dei siste par åra er det rett nok gjort gode bifangstar av vanleg uer så langt nord som ved Bjørnøya.



1.5.5 SNABELUER

Kjell Nedreaas

kjell.nedreaas@imr.no

Benjamin Planque

benjamin.planque@imr.no

□ Status og råd

Toktresultat viser at snabeluerbestanden er nær eit historisk lågmål (figur 1.5.5.1). Dei einaste årsklassane som bidrar til gytebestanden i nemneverdig grad, er dei fødte før 1991. Dei etterfølgjande 15 årsklassane er svært svake. I oppvekstområda i Barentshavet har det eit par år (2005–2007) blitt observert betre rekruttering av yngel, men 2008-årsklassen teiknar til å bli svak. Det er svært viktig å verne

denne yngelen frå å bli tatt som bifangst i alle fiskeri. Slik kan dei rekrutterande årsklassane bidra så mykje som mogeleg til å bygge opp att bestanden. Sidan storleiken på gytebestanden er ukjent, vil det ikkje vere tilrådeleg med eit direkte fiskeri på mange år. På grunn av 15 år med svak rekruttering er vi heilt avhengige av at bestanden som no er kjønnsmoden, blir verna, slik at han kan sikre stabil rekruttering i mange år framover. Vernet må også inkludere dei pelagiske fiskeria i Norskehavet. Snabelueren er klassifisert blant sårbarar artar på den norske raudlista.

ICES gjentek sitt råd frå i fjor: forbod mot direkte trålfiske etter snabeluer i Barents-

havet og Norskehavet (ICES-område I og II). Stenging av område må oppretthaldast, og bifangstgrensene bør setjast så lågt som råd inntil ein klar auke i gytebestand og yngelførekomsstar kan stadfestast. Eit nytt år med data for denne bestanden endrar ikkje ICES si bestandsvurdering. ICES vurderer bestanden til å ha redusert reproduksjonsevne.

For å kunne stadfeste ein eventuell auke av gytebestanden, er det nødvendig at heile utbreiingsområdet av vaksen snabeluer i Barentshavet og Norskehavet blir kartlagt, både ved botn og pelagisk. Tokta må også planleggjast slik at mogelege vandringar til fisken blir tatt omsyn til.

Fiskeri

Alt fiske etter snabeluer, og bifangstfiske av nemneverdig omfang, føregår med trål. Fisket blir regulert ved hjelp av bifangstreglar og stengde område. Førebelse tal for 2008 viser at ca. 3 500 tonn er fiska som bifangst med botntrål og 9 171 tonn (15 981 tonn i 2007 ifølgje ICES) med flytetral i internasjonalt område (Smutthavet) i Norskehavet. Av dette har Noreg fiska høvesvis ca. 1 000 og 291 tonn (1 813 tonn i 2007). Bortsett frå Russland fiska alle land årleg mindre enn 200 tonn snabeluer som bifangst i botntrål (figur 1.5.5.2.) Eit viktig bidrag for å byggje opp att bestanden er kontroll med snabeluerfisket i Norskehavet og avgrensa bifangst av uer i rekefisket (3 individ per 10 kg reke).

Med gjeldande bifangstreguleringar av alt botntrålfiske og gradvis betre yngelfø-


komstar av snabeluer i Barentshavet kan det vere realistisk å få fjerna denne snabeluerbestanden frå raudlista når den skal reviderast i 2010. Men så lenge vi ikkje kjenner storleiken på den modne og fiskbare del av bestanden, veit vi heller ikkje om noverande hausting er berekraftig.

Vern gjev god rekruttering

Den hittil siste gode årsklassen av snabeluer vart fødd i 1990. Sorteringsrista som vart innført i rekefisket i 1992, blei viktig for vernet av denne og årsklassane like før. Sterke torskeårsklassar beita på snabelueryngelen på 1990-talet. Trass i dette registrerte Havforskningsinstituttet under tokta i Barentshavet at yngelvernet førte til positiv utvikling av desse siste gode årsklassane. Det var likevel først i 1997 at den vaksne og fiskbare delen av bestanden vart verna. Det vart då forbod mot


direkte fiske nord og aust for bestemte liner i Barentshavet, og i 2000 vart det oppretta verneområde sør for Lofoten. Sidan 2003 har alt direkte fiske etter uer med trål vore forbode (både vanleg uer og snabeluer).

Desse reguleringane vart innførte i siste liten, likevel tidsnok til at det berre har tatt éin generasjon (ca. 15 år) før vi igjen registrerer god rekruttering og lovande yngelmengder i Barentshavet. Det er eit av få tilfelle i verda kor ein har klart å snu ei negativ bestandsutvikling for ein art som snabeluer som veks seint og lever lenge. Vi må likevel passe oss for å bli for optimistiske. Vernet av dei gode årsklassane har resultert i ein god foreldrebestand som no utnyttar Norskehavet som beiteområde, men også i eit internasjonalt direkte fiske utanfor norsk økonomisk sone. Bestanden produserer yngel som blir ført inn i



Figur 1.5.5.1

Utviklinga av snabeluerbestanden slik den er registrert på instituttets tokt nord for 69°N i Barentshavet og ved Svalbard. Mørkt område: umoden 15–29 cm snabeluer (antal i millionar, venstre akse). Lyst område: snabeluer større enn 30 cm (antal i millionar, venstre akse). 0-gruppeindeksen (frå årleg tokt med flytetral i Barentshavet/Svalbard) er vist som mål på rekrutteringa (søyler, høgre akse). *Sebastes mentella* in Sub-areas I and II. Development of the stock as observed and estimated from scientific surveys north of 69°N since 1986. Bars: 0-group index as an index for the recruitment to the stock (right axis). Dark area: immature 15–29 cm fish (numbers in millions, left axis). Light area: number of fish larger than 30 cm inclusive.



Figur 1.5.5.2

Landa fangst av *Sebastes mentella* i ICES område I og II i perioden 1965–2008. Raud del av søyler: norske landingar (i tusen tonn). Blå del: andre land sin rapporterte fangst. For 2004–2008 er fangst rapportert tatt med flytetral i Norskehavet inkludert. *Sebastes mentella* in Sub-areas I and II. Total international landings 1965–2008 (thousand tonnes). Red part of bars: Norwegian landings. Blue part: other countries. For 2004–2008, catches reported taken by pelagic trawl in the Norwegian Sea are included.

Barentshavet og nordover kring Svalbard, blant anna innover gode rekefelt. Dette skaper utfordringar for reguleringa av rekefisket. Det er gledeleg at foreldrebestanden rekrutterer tilnærma normalt igjen (med eit visst atterhald på grunn av ein svakare 2008-årsklasse). Dagens foreldrebestand må forvaltast godt, også i fisket i internasjonalt farvatn. Slik kan den produsere stabilt gode årsklassar i dei komande femten åra fram til dagens lovande yngelmengder blir kjønnsmodne. Vi må ikkje gløyme at vi har femten magre år (1991–2005) med dårleg rekruttering som skal tettast igjen.

Foto: Kjell Nedreaas



Deep-sea Redfish (*Sebastes mentella*)

Recruitment failure has been observed in surveys for more than a decade. The only year classes that can contribute to the spawning stock are those prior to 1991, as the following 15 year classes are extremely poor. Consequently, these year classes need to be protected. It is believed that such protection on the continental slope already has caused the improvement of recent juvenile abundance. Based on previous estimates of spawning stock biomass and the size of year classes in the 1990s, this stock will not be able to support a directed fishery for several more years. Rather, it will be necessary to prevent the stock from declining further and to maintain measures to protect the stock from by-catch in other fisheries. Due to the fifteen years of extremely poor recruitment, today's spawning stock will not get a second help for many years, and we will thus have to rely on today's mature and fishable stock in the Barents- and Norwegian Seas for

the next fifteen years of recruitment. The measures introduced in 2003 should be continued, i.e. there should be no directed trawl fishery on this stock, and the area closures and low by-catch limits should be retained, until a significant increase in the spawning stock biomass (and a subsequent increase in the number of juveniles) has been detected in the surveys. In addition, measures to prevent high catches and by-catches in the pelagic trawl fisheries in the Norwegian Sea seem necessary. An important contribution to rebuild the stock is the international agreement to limit the catches in the international waters of the Norwegian Sea, no directed fishery within the national economic zones, and the agreement with Russia to limit the legal by-catch of redfish in the shrimp fishery by using sorting grids and closing of areas with too many redfish juveniles of sizes not being sorted out by the grid.

Snabeluer

Sebastes mentella

Andre norske namn:

Nebbuer, djuphavsuer

Familie: Scorpaenidae

Maks storleik: 47 cm og 1,3 kg

Levetid: Over 70 år

Leveområde: Barentshavet, Svalbard og kontinentalskråninga (400–600 m) mot Norskehavet sør til britisk sone. Foretek også næringsvandringar ut i det pelagiske Norskehavet (300–450 m)

Hovudgyteområde: Langs helle eggakanten frå britisk sone til Bjørnøya

Gytetidspunkt: Mars–april

Føde: Plankton viktigast dei første leveåra. Deretter større plankton og fisk

Særtrekk Ueren ynglar, dvs. han "gyt" levande larvar

Nøkkeltal:

KVOTERÅD 2009:

10 500 tonn i Norskehavet, elles ingen kvoteråd, men vern av yngel, ikkje direkte trålfiske og låg bifangst i andre fiskeri

FANGST 2008:

Norsk fangst: om lag 1 200 tonn. Samla internasjonal fangst: om lag 12 600 tonn.

NORSK FANGSTVERDI (2007):

Ca. 100 mill. kroner for begge uerartane samla

Fakta om bestanden

Snabeluer føder levande 4–6 mm yngel i mars–april. Veksten fram til kjønnsmoden storleik og alder er nokså lik vanleg uer. Snabeluer større enn 47 cm blir sjeldan observert, og ein fisk på denne storleik kan vere 50–70 år gamal. Snabelueren går ikkje inn i Nordsjøen, men lever langs kontinentalskråninga mot Norskehavet på 400–600 meters djup frå Shetland og nordover til Andøya. Her finst det lite snabeluer mindre enn 28–30 cm. Nord for Andøya finst snabeluer også grunnare. Barentshavet og Svalbard (også nord for Spitsbergen) er oppvekstområdet for arten. Yngleområdet strekkjer seg langs eggakanten frå Shetland til Tromsøflaket, og i Barentshavet er det vist gytevandring av hofisk mot dette området.

Snabelueren et dyreplankton som raudåte, krill og marflo dei første leveåra. Deretter går han gradvis over til å beite meir krill og fisk. Då rekrutteringa av snabelueryngel var god og stabil, utgjorde snabeluer under 25 cm rundt 10 prosent av dietten til nordaustarktisk torsk. Også blåkveite beitlar på snabeluer. Larvar og liten ueryngel har dessutan blitt observert i sildemagar. Det er ikkje påvist endringar i gytealder, produksjon eller utbreiing som følgje av endringar i klima. Det kan likevel ikkje utelukkast at klimaendringar kan vere ei medverkande årsak til større utvandring til det sentrale Norskehavet sidan 2003. Auka vern av årsklassane fødte før 1991 blir likevel sett på som hovudårsaka til denne utbreiinga av bestanden.

